



Notat

Dato: 17.02.2017
Arkivsak: 2017/1548-1
Saksbehandlar: annsve3

Til: Utval for opplæring og helse

Frå: Fylkesrådmannen

Lærekandidatordninga - eingongstilskot i samband med teikning av opplæringskontraktar i 2017

Fylkestinget handsama budsjettet for 2017 i møte 13.12.2016. I samband med budsjettsaka vart følgjande verbalforslag lagt fram i høve til lærekandidatordninga:

Lærekandidatordninga

Tilskotet til lærekandidatordninga vert vidareført. Dette er eit svært viktig tilskot for elevar som treng tilrettelagt tilbod for opplæring.

2,1 millionar kroner vart derfor sett av til utbetaling av eingongstilskot for 2017.

Med bakgrunn i dette vidarefører Hordaland fylkeskommune eingongstilskotet til lærebedrifter som teiknar kontrakt med lærekandidatar. Beløpet er 30.000 kr per opplæringskontrakt. Dette er same sats som i 2016. Dette tyder at det kan utbetalast tilskot til 70 opplæringskontraktar. Talet på kontraktar låg i 2016 på rundt 80. Først-til-mølla prinsippet vert dermed lagt til grunn.

Vonleg kan dette føre til at formidlinga av lærekandidatar skjer tidlegare på året enn før.

Føresetnader for tildeling:

- Lærekandidaten må ha ungdomsrett
- Tildelinga gjeld i utgangspunktet kandidatar som er folkeregisterregistrerte i Hordaland

I enkelte tilfelle vert opplæringskontrakten heva. I slike tilfelle skal følgjande retningslinjer om tilbakebetaling leggast til grunn:

- Tilbakebetaling av heile tilskotet dersom opplæringstilhøvet vert avslutta innan 6 månader.
- Tilbakebetaling av 50% av tilskotet dersom kontrakten vert heva innan 12 månader.
- Dersom ungdommen teiknar ny opplæringskontrakt, får også bedrift nr 2 eingongstilskot.

Frå 2017 av endrar fagopplæringskontoret rutinane for utbetaling av tilskotet. Beløpet vert ikkje lenger utbetalt i samband med godkjenning av opplæringskontrakten. I staden ber vi bedriftene sende inn faktura.